

Høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett

Nord-Hålogaland bispedømeråd og Nord-Hålogaland biskop vil med dette gje vårt svar på spørsmåla som vert løfta fram i høyringsnotatet «Kyrkjevalet 2023 – høyring om reglar for val av prest og lek kyrkjeleg tilsett».

I informasjonsbrevet som ligg ved høyringa vert det sagt at det faktiske innhaldet i det som vert fremja som endringsforslag er «mindre endringar» om ein ser bort frå at ein samlar valet av lek kyrkjeleg tilsett og prest som eige val og gjer dette digitalt. Vi kan seie oss einige i at endringane ikkje er store sett i dette lyset, samstundes som det kan argumenterast for at både det å skilje ut desse vala som eigne val og det å gjere dei digitale er prinsipielt store spørsmål.

Vi vil derfor peike på at det ikkje er bra nok å sende ei slik høyring til oss og andre mottakarar 21. juni og ha høyringsfrist 15. september. Stort sett heile denne perioden er fylt av ferieavvikling for sekretariatet på bispedømekontoret, og bispedømerådet har ikkje sett opp første møte før hausten før etter fristen. Vi vil tru dette er ein situasjon vi ikkje er åleine om. Med ein slik høyringsperiode kan det nærmast virke som om Kyrkerådet helst ser at ein får inn så få høyringssvar som mogeleg. Vi forstår at det er knapt med tid om ein skal nå Kyrkjemøtet i haust, men forventar likevel at bispedømeråda får ein reell mogelegheit til å svare på høyringane frå Kyrkerådet utan å be om lengre frist.

Høyringsspørsmål

- 1) *Støttar høyringsinstansen forslaget om å skilje ut reglane om val av prest og lek kyrkjeleg tilsett frå kirkevalgsreglene.*

Ja. Særleg av omsyn til dei som skal organisere resten av valet er det nyttig å skilje ut dei reglane som berre gjeld eit lite område av valet og som uansett vil verte organisert på anna hald.

- 2) *Støttar høyringsinstansen forslaget om at val av prest og lek kyrkjeleg tilsett til bispedømeråd og Kyrkjemøtet bli gjennomført som heildigitalt val?*

Ja. For vidare refleksjonar rundt dette viser vi til vårt høyringssvar om digital førehandsstemming frå november 2020.

- 3) *Har høyringsinstansen merkander til forslaga om beredskapsprosedyre og reglar for omval ved ekstraordinære hendingar?*

Vi ser at det er naudsynt å ha reglar for korleis ein stiller seg ved ikkje-planlagde hendingar, og reglane for postval er i så måte greie.

Når det er sagt ser vi ingen grunn til at ein må sette ein endeleg frist (15. oktober) for når stemma skal kome til valrådet i § 6-1 (4). Vi meiner punktet kan slutte med «Internettvalgstyret fastsetter frist for når stemmen skal ha kommet inn til valrådet» og at § 6-1 får eit punkt (5) om i sak tilsvavar § 6-5 (3) og seier at i ein situasjon der stemmene ikkje er inne innan den datoen ein i utgangspunktet hadde planlagt, kan funksjonstida for sittande bispedømeråd forlengast slik det er naudsynt. Dette vil gjere ordninga meir fleksibel og ein kan unngå å måtte organisere eit heilt omval.

- 4) *Har høyringsinstansen merknader til regelforslaga for preferanseval eller fleirtalsval?*

Nei.

- 5) *Har høyringsinstansen merknader til forslaga om nye fristar?*

Nei.

- 6) *Har høyringsinstansen merknader til forslaget om skjæringsdato?*

Nei.

7) *Har høyringsinstansen andre merknader til forslaget til reglar?*

I forslaget til kven som har stemmerett er dette definert til personar med «stilling på minst 15 timar i uken». (§ 2-1 (1) og 2-2 (1)). For personar med stillingar som gjer at dei arbeider kvar tredje søndag vil full stilling vere 35,5 timar, og 40% stilling utgjere 14,2 timar i veka. Det er mange i kyrkja som har slike stillingar, og ei grense på 15 timar kan avgrense mange frå å stemme. Vi foreslår derfor å endre dette til «stilling på minst 40%», slik at ein ikkje lagar ei grense som er rett over ein relativt vanleg stillingsprosent.